



KONSESJONSKRAFT IKS

- vaktar rettane og tek vare på verdien

Ny dagleg leiar i Konesjionskraft IKS

Styret i Konesjionskraft IKS har i styremøte den 23.2.2016 gjeve Glenn Qvam Håkonsen tilbod om stillinga som dagleg leiar i selskapet og Håkonsen har takka ja til tilbodet same dagen.

Håkonsen er i dag rådgjevar i selskapet og han overtek som dagleg leiar frå 1.3.2016.

Dagleg leiar i selskapet gjennom mange år, Arne Tronsen, går frå same tidspunktet over i rådgjevarstilling i selskapet.

Håkonsen har både solid utdanning og arbeidserfaring til å vere selskapets daglege leiar. Han har vore tilsett i selskapet sidan august 2013 og har før det fleire års erfaring frå Norges Bank og Agder Energi AS og har undervist på høgskule-/universitetsnivå.

Utdanninga er innafor finans, både frå BI Oslo og Strathclyde University, Glasgow.

Styret ynskjer Håkonsen lykke til i si nye rolle i Konesjionskraft IKS.

Valle, februar 2016


Terje Damman

Styreleiar.